



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Mariell Sandengen, 55 57 23 65

Vår dato
15.12.2014
Dykkar dato
04.12.2014

Vår referanse
2014/14883 325.1
Dykkar referanse
14/3945

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - gnr 24 bnr 24 - førespurnad om utsatt iverksetting av pålegg om reduserte opningstider av treningssenter

Vi viser til oversending frå Meland kommune 04.12.2014 der Fylkesmannen blir bedt om å ta stilling til førespurnad om utsett iverksetting av pålegg om reduserte opningstider hos Max Fitness Frekhaug (gnr 24 bnr 24).

Advokatfirmaet Kluge, ved advokat Hilde Ølnad Lone, har på vegne av tiltakshavar klaga på pålegg om reduserte opningstider. Det vert hevda at pålegget er urimeleg og uhøveleg. Det er i klaga vist til at plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4 først og fremst skal brukast der det er risiko og fare forbundet med ulovlege forholdet. Klagar anfører at det ikkje er grunnlag for å gi pålegg med heimel i § 32-4 i denne saka, og at reduksjon i opningstider vil medføre økonomisk tap for tiltakshavar. Det er på bakgrunn av dette bedt om utsett iverksetting av pålegget fram til klaga er handsama.

Kommunen vurderte førespurnad om utsett iverksetting den 04.12.2014, men fann ikkje grunn for å gi dette.

Fylkesmannen mottok den 10.12.2014 merknader til klagen på pålegget og til førespurnad om utsett iverksetting.

Avgjerd

Fylkesmannen gir ikkje utsett iverksetjing av pålegg gitt av Meland kommune den 01.12.2014 om reduserte opningstider for Max Fitness Frekhaug, jf forvaltningslova § 42.

Vurdering og rettsleg grunnlag

Hovudregelen er at vedtak i saker etter plan- og bygningslova (pbl) kan settast i verk så snart det er gjort vedtak. Forvaltningslova (fvl) § 42 opnar likevel for at det kan bli gitt utsett iverksetjing når vedtaket er klaga på.

Bakgrunnen for fvl. § 42 er omsynet til rettstryggleiken. Avgjerd om utsett iverksetting av vedtak kan hindre at gjennomføringa av vedtaket medfører uoppretteleg skade eller tap.¹

Avgjerda skjer etter fritt skjønn. Sivilombodsmannen har gjort greie for innhaldet i vurderinga

¹ Rundskriv H-17/92 frå Kommunaldepartementet

slik:

«Avgjørelsen vil måtte bero på et helhetlig skjønn basert på en foreløpig vurdering av klagen og av de ulike interesser og forhold knyttet til selve klagesaken.»

Kommunen har i hovudsak grunngjeve avgjerd om å gi pålegget slik:

«Det ligg ikkje føre sikker dokumentasjon om at gjeldande støykrav vert overhalde eller ikkje. Før slik dokumentasjon ligg føre, enten ved innsending av rapport frå føretak med særskild kompetanse eller dette vert vurdert og skildra i samband med føreståande byggjesakshandsaming, kan kommunen ikkje konkludere sikkert om krava er stetta eller ikkje.

Tiltak for å redusere støy og vibrasjonar er delvis gjennomført og delvis nært føreståande. Det vert vist til opplysningar frå tiltakshavar. Med grunnlag i desse opplysningane finn kommunen ikkje grunnlag for å stanse drifta fullstendig i medhald av pbl § 32-4. Administrasjonen meiner dette vil gå lengre og vere for tyngande for tiltakshavar enn det er grunnlag for i saksopplysningane.

...

Avgjerda byggjer på eit grunnsynspunkt om at det er tiltakshavar som har ansvaret for at bruksendringa og drifta vart starta opp utan naudsynt forutgåande godkjenning. Det er tiltakshavar sitt ansvar å forsikre seg om at reglane i plan- og bygningslova vert overhalde.»

Etter ein førebels gjennomgang av klaga og pålegget kan vi ikkje sjå at det ligg føre klare og openbare feil ved Meland kommune sitt vedtak av 01.12.2014. Vi vil vise til at det her ikkje kan leggast vekt på at klagar vil få eit økonomisk tap. Etter ei gjennomgang av saka finn vi difor ikkje grunnlag for å utsette iverksettinga av pålegg gitt den 01.12.2014.

Fylkesmannen understrekar at ein med dette ikkje har tatt stilling til realiteten i saka.

Vår avgjerd på side ein er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Marte Mariell Sandengen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.